

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Fra: Sekretariatet
Kopi: [Fyll inn]

Vedlegg nr. 4

Saksbehandler/telefon:
Erlend Otterå
Vår dato: 30.01.2025

Sak 6/25 Handlingsprogram 2026 – 2029

Innhald

- Bakgrunn
- Prinsipp om porteføljestyling
- Nærmare om prosess for rullering av Handlingsprogram 2026–2029
- Nærmare om finansieringskjelder
- Oversikt handlingsrom og behov for prioritering
- Forslag til vedtak

Bakgrunn

Prioritering av konkrete tiltak i Miljøløftet skal sikrast gjennom den årlege rulleringa av fireårig handlingsprogram som skal bli handsama av styringsgruppa, fylkestinget, bystyret og kommunestyret i kommunane. Det skal sikrast ei geografisk fordeling av tiltak i heile avtaleområdet. Prioritering skal skje etter prinsipp om porteføljestyling med utgangspunkt i best mogleg måloppnåing. Styringsgruppa har mandat til å justere og endre på den prioriterte rekkefølga til prosjekta i det årlege handlingsprogramarbeidet.

Miljøløftets Handlingsprogram 2026–2029 er ein viktig input til både stats- og fylkesbudsjett, og er avgjerande for å sikre midlar til prosjekt og tiltak som bidrar til måloppnåing, der målet om nullvekst i personbiltransporten er overordna. Det er planlagt at Styringsgruppa i Miljøløftet vedtar Handlingsprogram 2026–2029 i møta 12. mars og 25. april. Prioritering av prosjekter over Post 30 i handlingsprogrammet er Miljøløftets innspel til statsbudsjettet. Frist for dette innspelet er 31. mars. I møtet i Styringsgruppa 12. mars vil det derfor først og fremst vere eit fokus på bruken av Post 30-midlane. Handlingsprogrammet som heilskap skal bli vedteke seinast møtet 25. april.

Prinsipp om porteføljestyling

Prosjekta i Miljøløftet prioriterast gjennom porteføljestyling. Dette inneberer at prosjekta prioriterast på grunnlag av ei heilskapleg vurdering basert på bidrag til måloppnåing, disponible midlar, samfunnsøkonomisk lønsemd, planstatus og kapasitet på planlegging og gjennomføring. Eventuell kostnadsauke må handterast innafor prosjektporteføljen.

Nærmare om prosess for rulling av Handlingsprogram 2026–2029

Proessen starta i oktober 2024, då det blei opna opp for å spele inn prosjekt frå partane.

Følgande milepålar er oppnådd:

- Prosjektark for nye og eksisterande prosjekter spelt inn av partane.
- Dei geografiske arbeidsgruppene har gjort ei fagleg vurdering av dei innspelte prosjekta basert på modenheit og måloppnåing.
- Samordningsfunksjonen har hatt ein kvalitetssikringsrunde på prosjektarkene, og levert ei samla vurdering av modenheit og måloppnåing av prosjekta i porteføljen til prioriteringsrådet.
- Prioriteringsrådet har fått oversikt over handlingsrom over Post 30, det fylkeskommunale bidraget, og belønningssmidlar til kommunane.

Følgande arbeid pågår:

- Kontinuerleg kvalitetssikring av prosjektark.
- Prioriteringsrådet gjer seg kjent med prosjekta, og forbereder seg til møtet om prioritering av prosjekt og utarbeiding av forslag til nytt handlingsprogram, 3. mars (med eventuell andregongshandsaming 2. april).

Milepålar som gjenstår:

- Styringsgruppa orienterast om prosessen og får ei overordna oversikt over handlingsrom og behov for prioriteringar (styringsgruppemøte 7. februar)
- Forslag til handlingsprogram 2026-2029, utarbeida av Prioriteringsrådet, presenterast i styringsgruppemøtet 12. mars (med eventuell andregongshandsaming 25. april).
- Handlingsprogram 2026–2029 blir vedteke (styringsgruppemøte 12. mars, og eventuelt 25. april).
- Etter vedteken handlingsprogram skal det handsamast i lokalpolitiske organ.

Vurdering av modenheit og måloppnåing

Arbeidsgruppene vurderer prosjektas modenheit og måloppnåing. Vurderingane er ein del av saksunderlaget når prioriteringsrådet utarbeidar forslag til handlingsprogram.

Arbeidsgruppene vurderer modenheit til eit prosjekt basert på kriteria vist i tabell 1. Prosjekta vurderast på bakgrunn av innhaldet i prosjektarket, eller etter prinsippet om «beste tilgjengelege informasjon». Prosjekt med høg modenheit bærer mindre risiko og usikkerheit enn prosjekt med låg modenheit.

| Vurdering modenheit | | |
|---------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------|
| Modenheit | Kriterier | Poeng |
| Høy modenheit | <ul style="list-style-type: none"> • Prosjektet har vedtatt reguleringsplan. • Prosjektet vil med stor sannsynlighet ha vedtatt reguleringsplan innen år 0* i handlingsprogrammet • Prosjektet trenger ikke reguleringsplan. • Det er ellers ingen forhold som kan hindre snarlig oppstart. | 3 poeng |
| Middels modenheit | <ul style="list-style-type: none"> • Prosjektet er i formell planprosess. • Prosjektet vil med stor sannsynlighet ha formell planoppstart innen år 0* i handlingsprogrammet, og må ha planoppstart og forventet vedtak innen år 2 i HP** • Det er enkelte forhold som gjør at prosjektet ikke kan starte snarlig, men som kan løses innen de første årene av handlingsprogramperioden. | 2 poeng |
| Lav modenheit | <ul style="list-style-type: none"> • Prosjekter på idéstadiet. • Prosjekter uten nær forestående oppstart av formell planprosess. • Det er andre forhold som er til hinder for oppstart, og som ikke forventes å bli løst innen de første årene av handlingsprogramperioden. | 1 poeng |

Tabell 1

Arbeidsgruppene vurderer måloppnåing til eit prosjekt etter kriteria vist i tabell 2. Prosjekta vurderast på bakgrunn av innhaldet i prosjektarkene, eller etter prinsippet om «beste tilgjengelege informasjon». Prosjektets bidrag til nullvekstmålet ligg til grunn for enkeltvurderingane. Prosjekta vurderast relativt til geografi. Det betyr for eksempel at kva som er høg/middels/låg ÅDT må vurderast relativt til kvar kommune.

| Vurdering måloppnåelse | | | |
|-----------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------|---------|
| Eksisterende tilbud | Trafikk og nærhet til målpunkt | Sammenheng/helhetlig transportsystem | Poeng |
| Dårlig/manglende eksisterende tilbud, stort behov for utbedring | Høy eller potensielt høy ÅDT/passasjertall, kort avstand til hovedknutepunkt. | Høy forbedring av transportsystem. «Missing link» med stor avstand til alternativ | 3 poeng |
| Middels eksisterende tilbud, middels behov for utbedring | Middels eller potensielt middels ÅDT/passasjertall, middels avstand til hovedknutepunkt. | Middels forbedring av transportsystem. «Missing link» med kort avstand til alternativ | 2 poeng |
| Godt eksisterende tilbud, lite behov for utbedring | Lav eller potensielt lav ÅDT/passasjertall, lang avstand til hovedknutepunkt. | Lav forbedring av helhetlig transportsystem | 1 poeng |

Tabell 2

Eksempel på vurdering av modenheit og måloppnåing:

Tabell 3 viser at begge prosjekter, ABC, og XYZ, har fått høg måloppnåing av arbeidsgruppa. Likevel viser modenheitsvurderinga at prosjekt XYZ bærer meir risiko og usikkjerheit enn prosjekt ABC.

| Prosjektnavn | Vurdering modenheit | Vurdering måloppnåelse | | | |
|--------------|---------------------|------------------------|--------------------------------|--------------------------------------|------------------------------------|
| | | Eksisterende tilbud | Trafikk og nærhet til målpunkt | Sammenheng/helhetlig transportsystem | Vurdering måloppnåelse, totalscore |
| ABC | 3 | 3 | 3 | 3 | 9 |
| XYZ | 1 | 3 | 3 | 3 | 9 |

Tabell 3

Nærmare om finansieringskjeldene

Post 30 – Programområdetiltak (statlege midlar)

Brukast hovudsakleg på riksveg. Kan brukast til fylkeskommunale og kommunale gange-, sykkel-, og kollektivtiltak av investeringskarakter. Prioritering av fylkeskommunale og kommunale investeringar over Post 30 føreset at tiltaka blir vurdert som meir kostnadseffektive/ samfunnsøkonomisk lønsame, eller aukar måloppnåing i avtalen, samanlikna med riksvegtiltak.

Prioriteringa av prosjekt over Post 30 i Miljøloftets Handlingsprogram 2026–2029, år 1, er innspel til statsbudsjettet 2026. Viktige moment i denne samanhengen er:

- Det er ikkje gitt at alle prioriterte prosjekter i handlingsprogrammet får midlar frå statsbudsjettet. I 2025 fekk ikkje alle nye prosjekter i Miljøløftets Handlingsprogram 2025–2028 midlar over statsbudsjettet.
- Det er sannsynleg at Staten ber Styringsgruppa i Miljøløftet om å prioritere prosjekta i Handlingsprogram 2026–2029, etter vedtak. Ei slik prioritering vil vere uavhengig av geografi.

Fylkeskommunalt bidrag

Brukast hovudsakeleg til kollektiv, sykkel og gange langs fylkesveg og kommunale vegar (berre i Bergen). Midlane kan også brukast til investeringar i bybanevogner, infrastruktur for låg- og nullutsleppsteknologi i kollektivtrafikken, tiltak i driftsinfrastruktur for kollektivtrafikken, i tillegg til vedlikehaldstiltak av investeringskarakter på fylkesvegnettet i avtaleområdet. Prioritering av prosjekt over det fylkeskommunale bidraget i Miljøløftets Handlingsprogram 2026 – 2029, år 1, er eit viktig innspel til fylkesbudsjettet 2026.

Post 66 – Belønningsmidlar

Belønningsmidlar kan delast i tre hovudområde for bruk:

- Belønningsmidlar til kommunane
- Belønningsmidlar til drift kollektiv (Skyss)
- Regjeringas bompenggeavtale (i Miljøløftet er det vedteken at desse midlane skal gå til bybanen og til reduserte billettprisar)

Post 63 – Særskilt tilskot til store kollektivprosjekt

Bybanen byggetrinn 4 ble omfatta av denne ordninga. Finansiering av bybanen byggetrinn 5 gjennom Miljøløftet føreset ein tilleggsavtale til byvekstavtalen.

Bypakke Bergen (Prop 11S)

Bybanen byggetrinn 4 ble omfatta av denne ordninga. Finansiering av bybanen byggetrinn 5 føreset ein tilleggsavtale til byvekstavtalen.

Oversikt over handlingsrom og behov for prioritering

Det er ulikt handlingsrom for dei ulike finansieringskjeldene. Det må understrekast at det fortløpande blir jobba med kvalitetssikring, samordning, indeksering, samt korrigering av eventuelle feil i prosjektark.

Det må også understrekast at det i samarbeidet har vore eit ønske frå partane at det blir spelt inn nye prosjekt. Det har vore eit mål å ha fleire prosjekt å velgje mellom, for å leggje til rette for at det er dei verkeleg gode prosjekta som bidreg til høg måloppnåing, som får finansiering gjennom Miljøløftet. Det er derfor ikkje eit motsetningsforhold mellom eit høgt antal innspelte prosjekt i porteføljen, og tilgjengelege midlar innafor avtaleperioden. Eit høgt antal prosjekt fordrar likevel streng prioritering ved rullering av handlingsprogrammet. Styringsgruppa er ansvarleg for å vedta eit balansert handlingsprogram basert på eit konkret og balansert forslag frå Prioriteringsrådet.

Oversikt Post 30

For å finne handlingsrommet til Post 30, er det lagt til grunn at restbehov i prosjekta etter 2029 kan bli dekt av ein reforhandla byvekstavgift. Handlingsrommet for å prioritere prosjekt finansiert av Post 30 er avgrensa for Bergen, der summen av nye og ikkje-igangsette prosjekt er høgare enn tilgjengelege midlar. I dei andre kommunane er det rom til å prioritere alle innspelte prosjekt.

Tabell 4 viser tilgjengeleg finansiering per kommune på post 30 riksveg og post 30 fylkes- og kommunalveg. Kolonnen «Handlingsrom» viser tilgjengelege midlar for perioden 2026-2029 når ein ser bort frå prosjekt med bindingar, altså prosjekt som allereie har fått utbetalt oppstartsmidlar. Neste kolonne viser kostnaden mellom 2026 og 2029 for ikkje-igangsette prosjekt som er spelt inn til handlingsprogrammet. Kolonnen «Avvik» viser avviket mellom handlingsrom og dei innspelte prosjekta, når ein legg til grunn at byvekstavgiften blir reforhandla og eventuelle restbehov blir dekt av nye midlar.

I dette tilfellet er det berre Bergen, med eit avvik på 322 mill., som må ta bort prosjekt for å halde seg innanfor handlingsrommet. Øygarden kan prioritere alle sine prosjekt, men dersom det ikkje blir reforhandla ny avtale står dei igjen med eit restbehov på 85 mill. Det er ikkje rom innafor nåverande byvekstavgift til å dekke heile dette restbehovet, og det er dermed ein risiko knytt til nokre av prosjekta. Alver, Askøy og Bjørnafjorden har tilgjengelege midlar til alle sine prosjekt, inkludert restbehov.

Tal i mill. 2025-kr.

| Post 30 | Rammar i byvekstavgiften | Tidlegare løyvingar + igangsette prosjekt | Handlingsrom | Prosjekt spelt inn HP26-29 (ikkje-igangsette) | Avvik | Restbehov etter 2029 |
|---------------|--------------------------|-------------------------------------------|--------------|-----------------------------------------------|------------|----------------------|
| Bergen | 3 807 | 2 735 | 1 072 | 1 393 | -322 | 538 |
| Alver | 394 | 103 | 291 | 75 | 216 | 20 |
| Askøy | 397 | 172 | 225 | 214 | 11 | 0 |
| Bjørnafjorden | 334 | 214 | 120 | 112 | 7 | 0 |
| Øygarden | 517 | 80 | 437 | 412 | 25 | 85 |
| Sum | 5 448 | 3 304 | 2 144 | 2 207 | -63 | 643 |

Tabell 4: Tilgjengeleg finansiering post 30

Oversikt fylkeskommunalt bidrag

Tabell 5 er ei oversikt over tilgjengelege midlar over det fylkeskommunale bidraget. Raden "Rekneskap 2019-2024 + HP25-28) viser kva som er brukt av midlar over det fylkeskommunale bidraget, basert på rekneskapstal til og med 2023, T2-prognose for 2024 og planlagt bruk av midlar i 2025 i handlingsprogram 2025-2028. Det som er igjen, det vil si handlingsrommet for komande handlingsprogramperiode, kjem fram i raden "Tilgjengelege fylkeskommunale midlar i perioden 2026-2029". Dei tilgjengelege midlane dekker alle dei innspelte prosjekta, og det er derfor ikkje behov for å prioritere mellom prosjekta for handlingsprogram 2026-2029.

Tal i heile mill.

| Fylkeskommunalt bidrag | |
|------------------------------------------------------------------|--------------|
| VLFK midlar i byvekstavgiften (2019-2029) | 3 694 |
| Rekneskap 2019-2024 + HP25-28 | 2 011 |
| Tilgjengelege fylkeskommunale midlar i perioden 2026-2029 | 1 683 |
| Prosjekt spelt inn HP26-29 | 1 435 |
| Gjenstående midlar | 248 |

Tabell 5: Tilgjengeleg finansiering, fylkeskommunalt bidrag

Oversikt belønningsmidlar til kommunane

Tabell 6 gir ei oversikt over tilgjengelege belønningsmidlar til kommunane i byvekstavtalen. Gitt tidlegare løyvingar og prosjekt spelt inn til HP26-29, viser nest siste kolonne gjenståande finansiering ved slutten av avtaleperioden. Tabellen viser det som er løyva over statsbudsjettet og utbetalt til fylkeskommunen, ikkje kor mykje som er vidare overført til kommunane. Merk at alle tal i denne tabellen er indeksert til 2025-kr, og løyving for 2025 er i tråd med statsbudsjettet 2025.

| Post 66 | Sum tilgjengeleg finansiering | Sum løyvingar + HP 26-29 | Sum gjenståande finansiering | Restbehov etter 2029 |
|---------------|-------------------------------|--------------------------|------------------------------|----------------------|
| Bergen | 316 015 | 401 645 | - 85 631 | 135 000 |
| Alver | 31 867 | 22 399 | 9 468 | - |
| Askøy | 33 195 | 25 147 | 8 047 | - |
| Bjørnafjorden | 27 884 | 23 260 | 4 623 | - |
| Øygarden | 42 489 | 25 541 | 16 948 | - |
| Sum | 451 450 | 497 994 | - 46 544 | 135 000 |

Tabell 6: Tilgjengelege belønningsmidlar til kommunane

Tabellen viser at finansieringsbehovet for prosjekta som er spelt inn i Bergen overstig den tilgjengelege finansieringa med om lag 86 mill. når ein legg til grunn at byvekstavtalen blir reforhandla med nye belønningsmidlar. For dei andre kommunane er det ikkje spelt inn prosjekt for heile den tilgjengelege finansieringa.

Andre finansieringskjelder

Omtale av dei resterande finansieringskjeldene blir inkludert i saksgrunnlaget til neste møte. Post 66 – tilskot til betre kollektiv (Regjeringas bompenggeavtale) blir dessutan følgt opp gjennom eiga sak i Styringsgruppa.

Forslag til vedtak

Styringsgruppa tar saka til orientering. Styringsgruppa sluttar seg til vidare prosess for HP 26-29.